

Sogn Jord- og Hagebruksskule sept. 2013

- *Oppsummering av prosessen med å få til ei utbygging av skulen*
- *Kva står på spel?*

Oppsummering av prosessen med å få til ei utbygging av skulen

- Desember 2005 - Fylkestinget vedtok at framtida til Sogn Jord- og Hagebruksskule som lokal og regional utviklingsaktør skulle utgreiast.
- November 2011 - Generalplanen for SJH ferdig. I same tida var det møte i administrasjonen der vi gjekk i gjennom og definerte ei minimumsutbygging til ein kostnad på 50 mill kr.
- Desember 2011 Fylkestinget vedtek Økonomiplan for 2012-15. Dei ser for seg å bruke 30 mill på SJH- utbygging og å bruke 2012 til å få på plass ei fullfinansiering av utbygginga. Dei ser for seg staten og vertskommunen som aktuelle partnarar til medfinansiering. Fristen dei sette seg er seinare utsett til utløpet av 2013. Det er uttrykt at dersom ein ikkje får på plass ei fullfinansiering så ser skuleeigar seg nøydd til å avvike skuledrifta ved Sogn Jord- og Hagebruksskule . Dokumentet kan lesast på denne [LENKJA](#).
- 2012 SFFK arbeider med å få staten med på delfinansiering av ei utbygging på SJH. Dette fører ikkje fram. Grunnen er at slik medverknad er i strid med føresetnadane for landslineordninga.
- Sept 2013. Notat frå bygg- og eigedomssjefen lagt fram. Nytt kostnadsoverslag er 43 mill kr. Budsjett 2014 - økonomiplan 2014-17 skal vedtakast i desember 2013: Arbeidsdokument 3/13 ([KLIkk her](#)) vart handsama i Finansutvalet no i september – de kan lesa om SJH på side 13 og 14. Dette er noko av forarbeidet til ny Økonomiplan. Her er det gjort greie for redusert kostnadsoverslag og at forsvarleg investeringsnivå for skuleeigar etter dette er 26 mill(60% av 43 mill).

Kva står på spel?

Det einaste heilskaplege utdanningstilbod i økologisk landbruk på Vg2- og Vg3 -nivå i Norge.

1. Dette er trua trass i at
 - det i Norge er ei nasjonal satsing på økologisk landbruk.

Sjå teksten nedanfor, det står på heimesida til Landbruks- og matdepartementet. I ljøs av dette skulle fagutdanning i økologisk landbruk vera sentral.

Økologisk matproduksjon

Regjeringen har som mål at 15 prosent av matproduksjonen og matforbruket i 2020 skal være økologisk. Videre sier Regjeringserklæringen at Norge henger etter andre land når det gjelder tilgjengelighet til økologiske varer overfor forbrukerne, og at regjeringen vil styrke dette området. Regjeringen ønsker at det offentlige går foran som ansvarlig forbruker og etterspørre miljøvennlige varer og varer som er tilvirket med høye etiske og sosiale standarder.

- det globalt er ei større og større satsing på økologisk landbruk, jamfør sentrale FN-organ:

FN sin mat' og landbruksorganisasjon (FAO) har i fleire rapportar slått fast at økologisk landbruk bidreg til auka matvaresikkerheit og mindre utslepp av klimagassar; bruk av lokale ressursar, resirkulering av næringsstoff, oppbygging av organisk materiale i jorda, redusert nitrogen gjødsling og bruk av tungt løyeselege gjødselslag vil vere gunstig i eit klimaperspektiv. FN-organet Internasjonalt Fund for Agricultural Development (IFAD) meiner at økologisk landbruk er eit lovande alternativ for småskala sjølvbergingslandbruk som kan redusere fattigdom, matvaretryggleik og handel i utviklingsland. Studiar i regi av FN, henta frå fleire land, viser at det biologiske mangfaldet på økologiske gardar er høgare enn på konvensjonelle bruk.

2. Utdanningstilbodet med Vg2 og Vg3 er kjerneverksemda vår, det er det vi har offentleg støtte til. Det er det som gjev basis for all kommersiell og kommersiell/prosjektstøtta aktivitet. Opplæringstilbodet må stadig utviklast, både med omsyn til innhald og struktur. Behovet vert forsterka fordi det er store utfordringar knytt til rekruttering utan Vg1-tilbod. Dette året prøver vi oss med samlings- og nettbasert tilbod på Vg3 – det er eit utviklingsprosjekt.

Samarbeid med andre om det pedagogiske tilbodet:

- a. Andre naturbruksskular
- b. Avtale med Universitetet for Miljø- og Biovitenskap (UMB) om å ta i mot studentar som er i pedagogisk utdanning
- c. Deltak i Internasjonalt prosjekt om naturbruksutdanning for vaksne (Island, Sverige, Finland og Norge)- SJH er ein av to skular i Norge. Mo og Jølster vgs. er leiande partnar.

Ressurssenter/kompetansenav på SJH

Ekstern, sjølvfinansierende oppdragsverksemd med oppdrag både lokalt, regionalt, nasjonalt med utgangspunkt i kompetansen og fasilitetane på skulen og skulen sitt nettverk. Samla utgjer dette ein unik kompetanse på økologisk produksjon og småskala næringsutvikling på gardsbruk. Her skal framhevast 3 område:

Mjølkeforedling. SJH har i oppdrag frå Landbruks- og Matdepartementet fått eit *nasjonalt ansvar* for kompetansegevendende kurs i foredling av rå mjølk (ikkje pasteurisert mjølk) i 3 år framover. Det gjeld å skjønne tilliten godt og utnytte potensialet som ligg i denne.

Grunnlaget er

- Nært samarbeid med ystemiljøet i Undredal i to tiår – utvikling av kurs og studieturar
- Nært samarbeid med foreininga Norsk gardsost – nasjonal samanslutning av småskala ystarar
- Produksjon i ysteriet på SJH, kvitost av ku/geit, gamalost, youghurt, blåmuggost
- Utvikling av nye ostar i ysteriet på SJH, Interesserte produsentar kan hospitere her
- Moderne stølsysteri på Kårdalen fellesstøl (samdrift med Anne Kari Dalsbotten)
- Tradisjonell ysting på Sinjarheim i Aurlandsdalen

Potensialet som vi må utnytte

- a) Utvikle kursa vi har og utvikle nye kurs – sikre posisjonen
- b) Internasjonalt samarbeid:
 - Utvikle det etablerte samarbeidet med UMB/Noragric , Landbruksskule på Zanzibar (Fredskorpset finansierer)- stor interesse for småskala ysting
- c) Vi kan vurdere å lage forretningsplan for foredling av all mjølka som blir produsert på SJH – krev nytt ysteri – som ein del av to førre punkt

Økologisk primærproduksjon

På den allsidig drevne skulegarden på SJH er det for tida 3 produksjonar der vi har/skal utvikle utstrakt samarbeid med andre – geitehald, frukt og grønnsaker

Geitehald

- Forprosjekt i gang for å etablere Norsk Geitesenter i Aurland/på SJH
- Samarbeid med landbruksskule på Zanzibar i samarbeid med UMB/Noragric og støtte frå Fredskorpset (blir avgjort i desse dagar) geitehald er ein sentral del i dette

Frukt

- Eplefeltet i Vinjane var etablert som ein del av eit SLF-prosjekt og med støtte frå FMLA S&Fj og Aurland kommune til etablering. Skal vidareutvikle samarbeidet med Bioforsk, Graminor og Njøs næringsutvikling
- SJH er med i ARENA-prosjektet – leia av Njøs næringsutvikling. Breitt anlagt prosjekt med mål om auka verdiskaping i alle ledd frå jord til bord.

Grønnsaker

- **SJH** var initiativtakar til 3-årig prosjekt med mål om å etablere Rådgjevingstilbod for potet- og grønnsakproduksjon på Vestlandet. Samarbeid med Lærdal Grønt, Økoringen vest, Norsk Landbruksrådgjeving Sogn og Fjordane og Norsk Landbruksrådgjeving Hordaland. Vi skal utvikle samarbeidet vidare.

Stadbasert entreprenørskap og læring

SJH, ABU og UMB starta på 90-talet samarbeid om Levande skule (skulehage, gard som lærestad). Levande skule er vidareutvikla til det som vi i dag kallar stadbasert læring og entreprenørskap der vi kan nemna følgjande prosjekt/aktivitetar som SJH er samarbeidspart i

- Stadbasert læring og entreprenørskap, kursverksemd UMB/Aurland Naturverkstad(AN)/ Nærøyfjorden Verdsarvpark(NVP)/SJH
- Stadutvikling UMB/AN/NVP/SJH
- Innpåtunetløftet Aurland kommune/SJH – potensielt samarbeid NAV Sogn og Fjordane - etablere Innpåtunetavdeling på SJH?
- EU-prosjektet Leonardo mobility-prosjekt på sosialt entreprenørskap (Polen, Portugal, Nederland, Østerrike, Norge) UMB/AN/NVP/SJH

Kommersielle avdelingar

På Sogn Jord- og Hagebruksskule er det tre reint kommersielle avdelingar utan noko offentleg støtte, Gardsbutikken, Internatet og Blomsterproduksjon i veksthus.

Ein institusjon som set Aurland og Sogn og Fjordane på kartet

- Ein institusjon som medverkar i lokal næringsutvikling – ein utviklingsaktør
- Ein plass å «rekruttere» nye Aurlendingar og sogningar
- Skapar liv i bygda – for det meste med positivt forteikn
- Ein viktig arbeidsplass i Aurland - 30-35 tilsette – 25 årsverk – og ringverknadene av dette..
- Set Aurland og Sogn og Fjordane på kartet - kjent nasjonalt og internasjonalt